# El pueblo

Tekst og musikk: Sergio Ortega
Norsk oversettelse etter Fria Proteaterns versjon

Arr: Per Ole Hagen






Ei von vart knust, ei framtid fall i grus,
de trur de fekk ein siger i hus.
Men slegne menn skal reisa seg igjen,
og dei som fell gjev styrke til vår kamp.
Vi veit vi veit at natta vert til dag,
at siger følgjer etter nederlag.
Eit samla folk kan aldri trampast ned,
vår motstandskamp skal samla fleir og fleir og fleir,
og herrane skal vika når dei ser
at mot vår einskap vil dei brytast ned.
Så svar oss, herrar, kven pløyar dykkar jord?
Kven bryt koppar fram frå gruva djup?
:/: El pueblo unido jamas sera vencido :/:

De tala om nasjon og fedreland,
men kven har gitt dykk våpna i hand?
Og kvar gjekk fridomsvona som vi bar?
Den selde de mot framand kapital.
Men gjennom nederlaget vil vi få
ein visdom som dei aldri kan forstå:
Eit samla folk kan aldri trampast ned.
Vår motstandskamp skal samla heile folket vårt,
og herrane må vika når dei ser
at mot vår einskap vil dei brytast ned.
Og stoggast kan ikkje ropa som bryt fram
frå Chile, Angola, Zimbabwe og Vietnam
:/: El pueblo unido jamas sera vencido :/: